

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
046.1	Knut Øyjordet	23.09.20	34/20

**SØKNAD OM SAMLETRÅ FOR SAU – LEIRUNGSDALEN BEITELAG***Saksdokument:*

Sak 18/20 i fjellstyret.

*Saksutgreiing og vurdering:*

Fjellstyret behandla på førre møte i sak 18/20 ein søknad frå Leirungsdalen beitelag om oppføring av ein lavvo og oppsetting av ei samletrå. Fjellstyret fatta følgjande vedtak, som uttale til Statskog:

*Fjellstyret har ingen vesentlege merknader til at Leirungsdalen beitelag får løyve til å sette opp ein lavvo sør for Semelhøe til bruk under tilsyn og sank av sau slik det blir søkt om.*

*Fjellstyret meiner det må setjast vilkår om at lavvoen skal takast ned etter beitesesongen, slik det er opplyst i søknaden.*

*Fjellstyret avventar med behandling av søknaden om oppsetting av ei samletrå ved Valdresflyvegen. Fjellstyret ønskjer ei synfaring i området før ein tek stilling til søknaden.*  
*Fjellstyret meiner at Vågå Tamrein også må bli invitert til synfaringa.*

Synfaring vart gjennomført 25. juni, der også Ola Vaagaasarøygard frå Vågå Tamrein deltok. Det vart sett på ein aktuell plass for ei samletrå ved parkerings-«lomma» ca. 1 km frå kommunegrensa mot Øystre Slidre. For av- og pålessing vil nok dette vera den gunstigaste plassen i området fordi det normalt er stor biltrafikk etter «Flyvegen» både ved beiteslepp om våren og innsamling om hausten.

**Innstilling til vedtak:**

Fjellstyret har ingen vesentlege merknader til at Leirungsdalen beitelag får løyve til å sette opp ei samletrå utover parkerings-«lomma» ca. 1 km frå kommunegrensa mot Øystre Slidre, på plassen det vart sett på under synfaringa den 25. juni. Fjellstyret meiner at beitelaget også bør vurdere bruk av trådgjerde rundt samletråa, og at sjølve gjerdet da kan takast ned når tråa ikkje er i bruk.

**Vedtak:** Samrøystes: Som innstillinga.

Før behandling av saka stilte Gunn Berit Aasheim spørsmål om sin habilitet. Fjellstyret vedtok samrøystes at ho var inhabil i saka, og ho deltok ikkje i behandlinga.

*Rett utskrift. Går til:*

Statskog SF v/Hilde Hammer  
Leirungsdalen beitelag v/Jo Aasheim

Vågåmo, 23.09.20

*Kopi til:* Vågå Tamrein AS

Knut Øyjordet (e.f)

---

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrrene.no